



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 6

JUNI 1980

30. årgang

Einskap i kjærleik

Soga fortel oss at Karl den 5. - spansk konge og tysk-romersk keisar streva heile si tid med å få alle hoff-folka sine til å tenkja eins. Då han i sine eldre år oppdaga at han hadde mislukkast — gjekk han i kloster og der heldt han fram med strevet på eit anna vis. No var det ei mengd med klokker han ville freista å få til å gå på sekundet likt. Men som rimeleg var, mislukkast han i dette og.

Vi kan le åt ei slik soge, men like fullt er det også moderne menneskjer i dag som i røynda strevar etter å få alle andre til å tenkja presist likt med seg sjølv. Diverre er det også slik med mange kristne. Vi tykkjer at vi sjølv einast har funne den nøyaktige trua og alle som da skil seg noko ut ifrå vår meining, kan ikkje tru rett. Sjølv sagt er det grunnsanningar som ikkje kan fornektast. Ein kristen kan til dømes ikkje gjera Guds son, Jesus Kristus til eit menneske om det så var aldri så stort eller godt. Men altfor tidt vert det også små strå av eit «paveskjegg» som skilde. Så stemplar vi kvarandre som høg- og lågkyrkjelege og så skulle alt vera sagt, meiner mange. Det har hendt at einskapsbandet brast på uvesentlege ting og surdeigen som vi kristne skulle vera, vart ikkje dugande — men misste si kraft. Kor Frel-saren må syrgja når han ser oss slik. Han som sa: «På det skal alle kjenna at de er mine læreseinar om de har kjærleik innbyrdes».

Johannesevangeliet 17. kap. (v. 20 - 21) fortel oss om nett dette

problem. Det er i tredje delen av «Jesu øvsteprestbøn», og her ber han for læresveinane sine til alle tider og frå alle generasjonar, altså også for oss idag. Han ber om at vi alle må vera eit. Ikkje slik å skyna at denne einskapen skal vera ei uniformering, men einskapen skal vera sams kjærleik i Jesus Kristus som vi trur på som Herre og Frelsar. Einskapen skal koma til uttrykk i at vi eig den same kjærleik og fred, herlegdom, nåde og sanning. Men då må Guds heilage Ande få leiinga hjå oss. Guds Ande kan ikkje koma i strid med seg sjølv. Får difor den same Ande råde i alle kristne, så vil den gjeva oss kjærleikens einskap enda om vi ikkje såg likt på «heile paveskjegget». Guds Ande ville frelsa oss ut frå sjølvsykje og egoisme, frå einøygd, hardt og maktsjukt sinnelag.

Skal einskapen mellom dei kristne verta eit vitnemål for dei ikkje truande så må einskapen syna seg i kjærleiken dei har åt kvarandre.

Kor lett er det ikkje å gløyma dette? Lettast når det kjem prestisje inn i bildet. Da hender det så lett at «kyrkjefyrstar» heng kvarandre ut i aviser istadenfor å gå å tala ut med kvarandre med brorskapens kjærleikssinn. Eg er viss om at Paulus hadde Jesu ord om innbyrdes kjærleik, i tanken — då han i 1ste korintherbrevs 13de kapittel skreiv: «kjærleiken er langmodig, er velviljug, kjærleiken bær ikkje avund. Kjærleiken briskar seg ikkje og bles seg ikkje opp», osv. --- Og «kjærleiken tål alt». Gjer vi det?

K. R.

Landet vårt

*Jeg tenker på Norge, landet vårt,
med tinder daler og vann.
En vinterdag kan det synes litt grått,
men det er vårt dette land.
Når våren kommer og smelter vekk
«kong vinter's» kalde famn,
da vil vi elske landet vårt,
og Norges eldgamle namn.*

*Det spirer, lever og vokser fram
og til slutt det folder seg ut.
Det puster og lever hvert eneste gram
av landet vårt med fjell, daler og nut.
Du går og ånder inn vår og duft,
du føler ingen sorger mer, i denne lyse
gryende luft!*

*Du kan se skjønnhet i et brukket tre.
Du tenker på hva det var.
Så rank og så sterkt
at det ikke falt ned,
sto det prydet med grønne bar.
Det gikk med treet som med mange
av oss,
det bøydtes for stormens tross.*

*Det spirer mangt her på Norges jord,
av ondhet, godhet og fred.
Men den viktigste spiren
vi fikk av mor,
og den bringes til neste ledd.
Den spiren, det er Guds frykten,
som skinner for fot lik lykten.*

Hildur Sørdal

SLEKTERS GANG

Døpte



ORKLAND:

25.05. Ingunn Steinvik

ORKDAL:

15.05. Bente Metliås

25.05. Berit Gården

15.06. Rune Bjørkli

Irene Risa

22.06. Kjell Arne Rønning

Arne Olav By

Heidi Haugen

ORKANGER:

11.05. Frank Morten Flaten

01.06. Sindre Skarbo

01.06. Jannicke Gimnes

Vigde



ORKLAND:

14.06. Inge Johann Landstad og

Gunn Helen Hongslo

14.06. Trond Fineidet og

Sigrun Oddveig Karlson

ORKDAL:

24.05. Jan Erik Sundli og

Brit Johanne Schjelland

07.06. Geir Sommervold og

Toril Nilsen

21.06. Per Olav Fossum og

Tove Skjetne

Pål Skaugen og

Hanne Marie Bjørnaas

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKEpostgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Smått om mangt

Kurs for eldre

ble arrangert på Torshus folkehøgskole i tida 11 - 15 juni. 62 deltakarar frå Sør-Fosen og Orkdal prostiar pluss 1 frå Hommelvik —. Leiingar var rektorfolka Ingrid og Olav Lysberg, menighetssekretær Arne Mahlum og kalls.kap. Audun Slettahjell. Petter Morken var fast bibeltimelhaldar og spr. Jostein Malum og prost Rogstad gjesta kurset eitpar gonger. Dette var tredje gongen kurset var halde — og interessen er større for kvart år. Kurset subsidieres av dei to prostia og av Nidaros Bispedømmeråd. Sosialstyra i dei kommunane som ligg i dei to prostia er også flinke til å stø kursset økonomisk. Forelesarar utanom kursleiingar var distriktslækjar Per Aandal, sjukepleiesjef May Ustad og lærar Skjølberg. Hyggestunder var det kvar kveld.

Orkdal kyrkjelege fellesråd

har konstituert seg med: Johan Hukkelås som formann, Jostein Dalen n.f. og Jostein Mælen sekr.

Prestane har ferie slik:

Audun Slettahjell: 24.6. - 14.7. og 5.8. - 11.8.

Bertel Aasen: 12.7. - 1.8. og 19.9. - 26.9.

Kaare Rogstad: 30.6. - 7.7. og 29.8. - 18.8.

Per Solem: 17.6. - 14.7.

Døde



ORKLAND:

13.05. Karle Lystad f. 1944

ORKDAL:

03.06. Hans B. Bakken f. 1909

13.06. John Søvassli f. 1903

Astrid Fagerholt f. 1968

15.06. Martha Vuttudal f. 1885

17.06. Helga Morken f. 1899

18.06. Sigrud Mælen f. 1899

ORKANGER:

16.05. Johannes Martin Fosslund

f. 1904

GEITASTRAND:

11.06. Odd Knudsen f. 1917

Takk!

Takk for ein fin syttande-mai-dag, først til Gud som gav oss så strålende eit vær, og for høgtids-stunda i kyrkja der vi fekk sette oss ned i fred og ro og lytte til Rogstad sine gode ord. Ord som signa, ord som gav ettertanke til ein og kvar. Det blir større for kvart år —, at ein skal få ha denne dagen i eit fritt land.

Og så var det takken til festnemnda i Svorkmo misjonshus om kvelden. Der låg mykje strev og arbeid bak — det skjønar ein av den gode serveringa — og den åndelege maten ikkje minst.

Tykte eg skulle teke Hagen i handa etter den talen — som eg meiner heile Orkdal skulle høyrte.

Ein skal vera forsiktig med ros, for vi blir alle så uendeleg små under Guds høge talarstol, men lat så vera — han som tala fekk nok sine ord i frå høgare hald — skulle gjerne hatt avskrift av ein slik 17. maitale.

Så gløymmer vi ikkje songen den vidunderlege vakre — dei fine mjuke tonane om heim og mor og far og fedreland — om vår Gud og Skapar og Frelsar som einast gjev fridom til land og folk, retteleg fridom.

Det muntre innslaget sette lattermusklane i sving, sunt for sjel og kropp — og kvifor skulle vi ikkje kunne «sleppe oss litt laus» ein slik dag. Kristendom er ikkje berre alvor og trist ansikt — om nokon trur det. Kven har meir grunn til glede? Det går an å feire 17. mai utan dei ekstra dråpene — det går an å få stemninga på topp — ja visste går det an.

Vi er eit minne rikare — og det ringer ein tone i sinnet:

«So signa då Gud det gode såd,
til gvoren ein gong er mogen!»

Dette liknar kanskje meir eit referat, men er meint som ein hjartans takk for ein ugløymande dag i frå ein utflytta orklending.

J. A. L.

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningsstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gåver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.Elver med
levande vatn

Johs. 7 - 38.

Vatn er nemnt fleire stader i vår bibel. Men i vår rikdom av vatn er det ikkje lett og verdsette vatn og gje det den status det har i bibelen. Der er fortalt oss at eit glas vatn blir lagt merke til i Himlen. I 2. Pet. brev 3 - 6 les vi at himmelen og jorda som Guds ord hadde fått til å stige fram or vatn, med vatn kring seg. Då var jordi berre vatn. Men den Heilage Ande sveiv over vatni. I Johs. 3 - 5 les vi. Utan at ein blir fødd av vatn og ande kan ein ikkje kome inn i Guds rike. I Johs. 7 - 38: Den so trur på meg, frå hans hjarte skal det renne elvar med levande vatn. Dette klårlegg for oss at det er overlag mykje vatn som kjem frå den som trur på Jesus. Er det så at det renn ikkje elvar med levande vatn frå meg, så har eg heller ikkje den levande tru, og er ikkje fødd av vatn og ande. Han som har gjeve oss songen 368 i Sangboken, fortel at han drakk av Livsens Elv. På bibelens siste blad les vi. No synte han meg ei elv med livsens vatn. Klår som krystal var ho. Og på bae sider åt denne elva som rann ut frå Gud og lammet, stod livsens tre.

Vi bed med songaren. Straum-

Ingrid og Olav Lysberg



slutter den 1.8. som rektorfolk på Torshus. I 16 år har dei virka som lærarar og i styrarstilling på denne ærerike skolen. Og dei har sett merke etter seg. Båe fekk dei vera med å fullføre utvidinga og moderniseringa av skolen og tok aktiv del i kyrkje-lyden sitt liv dei åra dei har vore sambygdingar med oss. I kyrkja hadde dei sin faste plass så å segja kvar messesøndag. Ingrid tok også si bør i bygda sitt kulturliv ved å vera ein inspirerande og dyktig dirigent av Orkdal damekor. Dei siste åra har dei

vore vertskap for Orkdal prosti-råds «kurs for eldre» — eit sommarsamvær over 4 - 5 døger. 60 - 70 pensjonistar har kvar sommar ikring sankthans opplevd Ingrid og Olav Lysberg som varmhjarta vener og hjelpesmenn. Også ved mange andre kurs og tilstelningar har dei vore kulturberarar og medmenneske. Når dei no reiser til Ingrid's heimbygd Surnadal — vil dei verta saknande i kyrkje-lyd og lag. Vi takkar dei for dei- ra rike innsats og ynskjer dei alt godt vidare på livsferda.

K. R.

Livets mange hvorfor?

Til sine tider kan en bli stående undrende og spørrende, hvorfor all nøden, krigen og ondskapen i verden? Hvorfor skal jeg stri med så mye sykdom, hvorfor blir noen revet så fort bort fra sine kjære? Alle disse spørsmål kommer både titt og ofte til oss mennesker, men en dag skal vi

ar av nåde lat strøyma, send oss vekking og liv. Rikleg på fjell og dalar. Regn i frå himmelen gjev. Sangboken nr. 4 B.

Ludvig B. Aasen

få svar, og svaret resulterer i at det var best slik.

For i Ess. 55, 8 står det: «For mine tanker er ikke eders tanker, og eders veier er ikke mine veier sier Herren.»

Og i et vers i sangboka står det: «Du vet ei mitt barn hva jeg gjør her på jord, men du skal få se det en gang.»

Derfor er det så trygt å få legge hver dag med alle dens hvorfor i Herrens hånd, og fra Ham får vi også kraften til å bære alle ting. Så kan vi med frimodighet si takk i stedet for akk.

Mary Anne Asbøll

Streif av sørsamenes saga

Sørsamane har ei spennande og dramatisk soge. Dei har alltid levd i grenselandet mellom dei nordlege samesamfunna og dei bufaste innbyggjarane i dette landet. I førhistorisk tid har dei truleg streifa omkring i heile det sørlege Skandinavia. I nyare tid har dei funne beitemark for reinane sine i trøndelagsfylka og tilgrensande område. Kaare Rogstad har skriva ei bok om dette folket. «Streif i sørsamenes saga» er tittelen på denne boka. —

Kaare Rogstad er godt kjent med sørsamane. Han har møtt sørsamar både i Røros, på Snåsa og her i Orkla-dalføret, og han har sett seg inn i kulturtradisjonen deira. Rogstad vil skriva ned saga til sørsamane på deira eigne premisser. Han minner i forordet til boka om det den sørsamiske lokalhistorikaren Lars Holm heldt fram:

«Bumannen hadde språket, skriften, dokumentene, lovverket. Vi hadde ingenting. De fikk bokført sin saga. De fikk bokført sine eiendommer og rettigheter ofte på vår bekostning. Vi kom inn i dokumentene bare som statister. Vår historie ble aldri skrevet på våre premisser.»

— Her er det først og fremst viktig å halde fast på at sørsamane er ikkje berre her på gjesting. Dei representerer ein utgammal norsk språk- og kulturtradisjon:

«VI HAR VÆRT HER HEILE TIDA!»

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Mellom dei som har samla og skriva ned sørsamisk tradisjon, var sørsamen Anders Fjellner mellom dei fremste:

«Det som skulle gi Fjellner plass i samenes historie for all ettertid, var hans interesse for de gamle samiske sagn og joiker. Alle steder hvor han kom innom samenes gammer, natteleger eller telt, ble det fortalt fra fortiden, om fedrenes liv og sed, gamle sagn om folkets vandringar, og først og sist ble det joiket om fortid, fremtid og om dagens strev. Alt skrev Fjellner ned. Han forstod at også hans folk hadde sin fortid og hadde sin diktning som var arv fra slekt til slekt.»

— Det er denne fortida Kaare Rogstad fortel om. Og han har samla kunnskap frå mange kjelder. Det ligg eit stort arbeid bak denne boka. Vi møter mange enkeltmenneske og mange dramatiske hendingar. Vi kan sjå utviklingstendensar og livsens realitetar slik samane møter dei.

— Her møter vi da menneske som er berarar av ein gammel norsk kulturtradisjon som vi veit alt for lite om. Dersom vi visste litt meir om minoritetsgruppene våre, ville vi kanskje bli enda meir bevisste i vår holdning til slike grupper. Det er vel i det heile slik at minoritetsgruppene — enten det gjeld språklege, kulturelle eller religiøse minoriteter — får gå i ein heller hard skole og lære seg tolmod og ut-hald. Samane, liksom jødane, har stor innsikt i dette å leve i ei stridbar og vanskeleg verd. Dei representerer ofte noe av det finaste i vår folkelege kulturtradisjon. Men med å lese om dei og lytte til dei kan vi alle lære livsvisdom og livskunst av finaste slag. Kaare Rogstad er glad i det folket han fortel om, og derfor kan han formidle ein slik kunnskap. — Det var ein god ting om skolane i Trøndelag skaffa seg klassesett av denne boka, og det er viktig at boka kjem inn i alle heimar. Nettopp nå i vår tid

treng vi slik kunnskap som kan lære oss å respektere og ta hensyn til medmenneska i nærmiljøet. Det er vel der vi må begynne når vi skal bygge opp ei fredeleg verd.

— Eg minnes ein gong eg var på gjesting i sameleiren ved Namsvatnet. Sørsamane i distriktet hadde den gongen sommarleir der for å halde oppe kontakten og fellesskapet. Fru Anna Derga var den gongen den sjølvskrivne leiaren for samane der ikring, og ho baud på kaffe og traktering. Vi satt inne i den tradisjonelle jordgamma og drakk kaffe og prata, og kring oss leika borna som tala sitt sørsamiske tungemål med fynd og klem. — I dag har alt dette forandra seg. Det er slutt på sameleirane ved Namsvatnet. Det sørsamiske språket er kanskje på veg ut, og den sørsamiske folkegruppa strider for sin eksistens. Takk for den fine boka, Kaare Rogstad.

Torshus 18.6. 1980.

Olav Lysberg

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s
BARDSHAUG
Tlf. 80 395

Unngå juletrengselen!

Gå i kyrkja no på søndag!



6. Per Asphjell fortel frå krigstida

BRÅK OMBORD.

Veret held seg pent utover dagen, og båten seig roleg og stødig sør- over Skagerak. I aust såg ein inn mot svenskekysten. Det var skogklede åsar og lier, det var gardar og gren- der med skiftande busetnad. Fritt land, utan tvang og terror. Eg hugsar eg tenkte med meg sjølv: Den som kunne hoppe over bord og symje i land der. Det var sjølvsgt meningslaust. Det var enno vinter, det var langt til lands, og sjøen var kald. Ønsketenk- ing er noko me alle kjenner til, og slikt trvis serleg godt millom fangar.

Me fekk mat saman med soldatane, om me berre hadde ein høveleg kopp og taka imot han i. Kameraten og eg fann oss kvar sin tome blekkboks i ein raskstamp på dekk og vart godt hjelpen med det.

Eg har ikkje noko minne om at me for gjennom Storebelt. Da skulle me ha sett både svensk og dansk strand. Det må ha vore natt, for me hadde ei natt ombord. Det var elles ei uroleg natt. Sidan båten gjekk i soldatfrakt, var han innreid etter det. Det var lagt tak over akterdekket, og rekka rundt var kledd med ein vegg. Langs veg- gen var det sett opp briskar i to høg- der, mest som hyller over kvarandre. Me låg med hovudet mot veggen mann ved mann. Eg hadde funne meg rom på øvre hylla.

Da me hadde roa oss om kvelden, låg eg å glana opp i taket. Eg høyrde ein lyd av noko, som rørde seg på fjøl- ene over meg. Om litt kom ei diger rotterumpe smettande ned gjennom ei sprekk. Ho hang der og dingla over ansiktet på meg ei god stund. Så, det var rotter ombord. Eg kom til å ten- kje på det eg hadde hørt om rotta som går i land frå det skipet som skal søkke. Så gjekk me kanskje ikkje ned på denne turen. Jamvel ei rotte kan bli til trøyst somme gonger.

Eg kan ikkje hugse at eg nokon gong hadde vanskar med somnen i fangetida mi. Såleis denne gongen og, eg somna først eg la meg, og eg trur eg hadde sove ei god stund, da eg bråvakna av eit skrik. Det var eit skræmeleg angstskrik frå ein grov- mælt mann. Eg sette meg opp i ein fart og såg meg ikring. Fire-fem plassar bortanfor meg var køya tom. Nede på golvet var det eit drabeleg slagsmål. Tri-fire soldatar hadde ein kar under seg på dørken. Dei såg ut til å fara hardt fram mot han, og han ropa om hjelp i yttarste nød. Det var ein kamp for livet. Sista fekk dei tak på han og drog han med seg bort mot porten ut på dekket. Dei tenkte å kaste han på sjøen, men så kom det vakter til og gjorde ende på kam- pen. Det vart ein del høgresta krangel som enda med nokre myndige koman- dorop, og smått om senn fall alle til ro.

Da morgonen kom, vart alle mann, både fangar og soldatar, stillt opp i rekke på dekket og laut tåle ei kraftig irectesetjing. Det kom da opp at sol- datane hadde gått laus på denne eine, for å hemne ein urett dei meinte å ha vorte ut for. Han som skulle takast var polakk, dei andre var tyske. Det var visst mange polske ungdomar som hadde gjeve seg med Wermacht på same måten som frontkjemparene her heime. Desse gruppene gjekk nok ikkje serleg godt saman. Det vart sagt at polakken skulle ha stole brød. A stele mat av dei knappe tildelingane, var ikkje noko lite brotsverk, og kunne såvisst bli hemna med drap i ein slik ulveflokk. Eg må vedgå at eg kjente meg skræmt, når eg såg kva slag folk eg var kome saman med. Det var krigsånda som hadde terga dyret i dei.

Da me stod der på båtdekket, hendte det enda ein ting som sette seg fast i minnet. Eg hadde plass på ei av fløyene, og før me vart jaga frå ein-

annan, samla det seg nokre offiserar der og tala saman om det som hadde hendt. Transportleiaren stod der. Det var ein sanitetsoffiser med høg rang. Han var tydeleg den som hadde størst myndighet når det galdt passasjerane. Det var ein medalders mann, som verka heller godsleg og stillfarande. Det kom kanhende av at han ikkje var krigar i same mon som dei andre. Han såg svært tungsint og plaga ut, og eg tykte mest synd i han. Eg stod så nære at eg høyrde godt kva som vart sagt. Han klaga seg over kor prøvsamt livet hadde arta seg for han i det siste. Ikkje ein gong om natta får eg ro, sa han. Her må eg opp på ei utid og halde styr på desse uros- kråkene. Slik omlag ordla han seg. Og så kom det med sint og bitter røst: «Und nun soll ich auf Urlaub in die Heimat fahren, um meine Verwandten zu besuchen. Aber ich habe keine Ver- wandte mehr.» Så fortalte han med sorg og harme i røsta, korleis han hadde fått melding om at dei som stod han nærast hadde gått med under eit bombeatak.

(Omsett: «Og no skal eg på permisjon til heimtraktene og sjå om slekta mi. Men eg har inga slekt meir.»)

Fangetransporten Per Asphjell var med — landa i Stettin. Derifrå vart dei sende med tog gjennom Pommern og Mecklenburg til ein by som heitte Gudstrow. Der laut dei venta omlag eit døger før eit nytt tog tok dei til Lübeck. Også der laut dei venta lenge på å koma vidare. Først andre døgeret kom dei til Nemunster der fangeleiren låg som dei vart «innlosjera» i. På heile tgreisa fekk dei ikkje smake mat.

Og så fortel Asphjell vidare:

NEUMUNSTER

Bortimot middagstid kjørte toget inn på stasjonen i Neumünster, og ikkje lenge etter stod me framfor ei stor fengselsbygning. Over den ruv-

Framhald s. 8

Orkland menighet

Eldretur til Trondheim

Sensommerturen går i år til Trondheim torsdag 28. august. Vi kjører med buss fra Solbu kl. 9.30. Svorkmo 10. Egen buss fra Hoston kl. 9.45. Vi kjører direkte til festmiddag på Norrøna Hotel i Trondheim. Der har vi innbedt biskop Bremer og frue til å være våre gjester. De vil under middagen fortelle fra Nord-Norge og Bremer vil holde andakt for oss. Etter middagen drar vi til Nidaros Domkirke og får omvisning der. Før vi setter kursen hjemover, tar vi en titt på byen ved å kjøre litt omkring. Påmelding til Ranveig Tronvoll tlf. 84 123.

Røddefest på Vormstad

Søndag 31. august kl. 19.30.

Familiesamling med Ingebrikt Davik

Søndag 7. september kl. 16.00 blir det familiesamling på Svorkmo Misjonshus der Ingebrikt Davik vil ha mesteparten av programmet. Han skulle være kjent fra barne-TV. Dessuten blir det med et barnekor. Vi vil ellers ha enkel bevertning. Loddsalg, og det blir andakt.

25 års, 50 års og 60 års konfirmantjubiläum

er fastsett til søndag 14. sept. med gudsteneste i Moe kirke, og middag med kaffi på Svorkmo Misjonshus.

Kirkekonsert med Ruth Rees

Søndag 14. september kl. 20.00 i Moe kirke. Kryss av datoen alt nå. Orkdal Ungdomskor blir og med.

Ettåring i Orkland

Vi kan glede oss over at det igjen har lyktes for oss å få tak i en ettåring til menigheten vår. Denne gangen i samarbeid med Norges Kristelige skoleungdomslag. Dere skal få lære å kjenne henne utover høsten og vinteren. Ho kommer fra Skage i Namdalen og heter Rønnaug Ødegård. Ho vil bli engasjert i konfirmantarbeidet, barnearbeidet osv.

Vatning på kyrkjegarden

Også denne sommaren har Soknerådet skaffa folk til å vatne ved alle graver på Moe kyrkjegard. Ingen treng difor ottast at plantene tørkar bort. — Midlane til denne vatninga kjem frå blomsterfondet m.m. Bruk difor blomsterfondet oftare.

Arlivoll skole

takkar vi for stor innsats av lærarane under Barnas Misjonsdagar. Takk for at de sette anna undervisning til side og gikk inn for oppgaven. Det kom inn ca. 2400 kr. på tombolaen og kakeutloddinga. Under gudstenesta søndag kom det inn ca. 1200 kr. til misjonen.

Orkland Bondekvinnelag

takker vi for helhjertet innsats under Sankthansfeiringa. De fikk en stri tørn under den overveldande oppslutning vi hadde. Vi er veldig takknemlig for at dere hjalp familieutvalget med servering. Takken går også til dere andre som tredde støttende til for å få kvelden vel i havn.

Barnesiden fra s. 11

er eller vi finner noe annet å holde på med. Men når det har gått ei stund, får vi så lyst på mat, og da er det godt å få sette seg ned og spise. Av og til er vi tog når vi skal hente maten vår. En er lokomotiv, en annen er konduktør, og resten av oss vognene. Det er ganske artig. Alle har med seg mat og drikke og det er koselig å sitte sammen å spise med så mange andre. Vi har så mye å fortelle og vise hverandre også.

Når vi har spist, får vi leke med akkurat det vi har lyst til. Noen vil helst leke i dukkekroken, og andre vil heller leke med togbanen. Av og til er det bare godt å sitte i lesestolen og titte i bøkene eller høre på det en voksten leser for oss.

På slutten av dagen er vi ute og leker. Men i vinter var det ikke bestandig vi var ute, for det ble for kaldt av og til. Før vi går ut har vi ei lita avskjedssamlingsstund. Og på onsdag bruker vi å låne med oss bøker hjem. Når vi så kommer ut har vi veldig mye å gjøre. Mange av oss er veldig glade i å leke i sandkassen. Her lager vi mye rart kan dere tro, alt fra racerbane til hemmelige huler. Ellers liker vi godt å ake i rutsjebanen, hoppe paradisi, sparke ball, hoppe strikk og leke med ringene. Av noen gamle bildekk lager vi tunnel av og til. Det er ganske skummelt å krype inn i slike tunneler.

Men nå har vi sommerferie i barnesiden, og vi skal ikke i barnesiden igjen før i midten av august. Det er en god stund til. Men vi kommer nok til å oppleve mye i sommer som det skal bli artig å fortelle de andre når vi treffes igjen.

Inger Marit Hagen Fagerli

Geitastrand menighet

Bakksætra

5. - 6. sept. er det planlagt weekend på Bakksætra for barn fra hele menigheten.

19. - 20. sept. blir det weekend for tenåringsene.

Ofstad bedehus

12. sept. kl. 16.30, barnemøte i Ofstad bedehus.

Kjørmo grendehus

9. okt. kl. 18 — tentreff.

50-års jubileum

for sjømannsforeninga i Kjora krets blei feiret 16.6. i Grendahuset med fullsatt sal. Kretssekretær Strøm og Skoglund deltok, og det var hilser fra mange naboforeninger som hadde møtt fulltallig opp.

Formannen, Randi Langvik fortalte fra foreningas begynnelse, og hun blei også «dekorert» med ei emaljenål fra Trøndelag krets for strev og trofasthet i arbeidet. Hun har stått for formann i 41 år! Kassereren Anna Kjøren fikk også nål som takk for sitt arbeid i like mange år. Det var en fin fest i beste sommervær, med blomster og god bevertning, med Ordets alvor og gode minners smil.

Tentreff-teltturen

i Langengdalen 13. - 14. juni fikk fineste sommervær, og det blei bading, fiske, leik og mye moro for de 16 ungdommene som var med. Jubelen var vel størst da ungdommene kasta kateketen på vannet med klærne på. Det blei også tid til en tøff tur i Rabbola etter at vi hadde hatt ei stille samlingsstund om bålet fredag kveld. Herredsskogmesteren hadde lagt opp en god skogssti med informasjon og tevling lørdag, som også var åpen for foreldre og andre.

En fin tur og greie ungdommer.

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

To kyrkjebyggjarar i grenda vår på kvar sin måte

Desse to er Peder Berge og Tore Lillery.

Peder Berge var fødd i 1888 og voks opp på Lefstadaune. Foreldra var Marit og Karl Berge. Marit var jordtaus på Lefstadaune. Mora døyde og faren vart sinnssjuk, så guten voks opp hos besteforeldra Johanna og Lars Lefstadaune.

Karl Berge var ein mykje til sprekk og dyktig kar. Det var han som bygde Kvålvoll skule. Hogg tømmeret i Aunemarka og gjorde alt arbeidet til bygget stod der ferdig. Da han var ferdig med alt, kasta han seg rundt og stod på hendene ytters på mønsåsen for å markere at no var sigeren vunne. Han tapa pengar på dette bygget Karl, og det seiest at dette var skuld i at det gjekk så gale med han. Kommunen skulle ha stødd oppunder denne gongen.

Peder og Tore var like gamle. Gjekk på Kvålvoll skule ilag og ståka mykje ilag på mange vis. Dei skulle vera sers flinke på skulen begge to. Det bar på skulevegen med Peder. Tore hadde ikkje hug til det. Etter endt folkeskule kom Peder på Torshus folkehøgskule. Han vart student fra Trondhjems katedralskule 1909 med S.tf. Kand. teol fra Universitetet 1914 med Laud.

Peder Berge var målmann. Elska og bruka det norske målet i all si tid.

Eg minnes som liten gut denne dagen da Peder Berge vart vigsla til si presteteneste i Orkdal kyrkje. Veggen til Lefstadaune gjekk gjennom gardsplassen hos oss da. Det vart fart i han Lars da han kom nedetter bakkane denne dagen. Denne litle gamle mannen i svart vadmelsklæde med ei lita lærskreppa på sida.

Idag er det ein stor dag for deg Lars, sa far. Da gret Lars. Han hadde stødd oppunder så

godt han hadde kunna for å få dottersonen sin fram. Og no var den store dagen komen. Me jamnaldringar sat i kyrkja og hadde eit ynske, — at det måtte gå godt med han Per — og det gjorde det, fortalde Lars By meg ein gong. Peder Berge var ingen vanleg prest sa Sigurd Garberg åt meg ein gong. Det hadde han rett i, tykte eg og.

Peder Berge vart vikar for res. kap i Orkdal i 1915. Sokneprest i Ørsta på Sunnmøre 1926, sokneprest i Meldal 1930, prost i Orkdal prosti 1935, sokneprest i Voss 1939, fekk der prestegarden og alt sitt øydelagt av tyskarane, sokneprest i Eiker frå 1941 til han slutta si presteteneste.

